

# HEIME MISJONEN

nr. 1 · 2021 · 103. årgang



## Digital satsing i ImF Sunnmøre

**Corona-pandemien** har stengt både kyrkjer og bedehus i lange periodar det siste året. Mange saknar sårt å kunne møtast til vanlege møter og gudstenester i si lokal forsamling. På krinsplan saknar vi også å kunne møtast til ulike større samlingar, og vi står alle saman i bøn og von om at vi igjen kan kome saman slik vi er vande til.

**Midt i denne tida** har «Kristen-Noreg» på svært kort tid teke i bruk dei digitale media og mogleger som vi har i vår tid. Dette gjelde også oss i ImF Sunnmøre. Sjølv om det å bruke digitale media ikkje er det same som å kome saman fysisk, er det likevel eit godt reiskap for å nå ut med evangeliet om Jesus.

**Fleire av våre** lokale forsamlingar har heilt sidan i vår sendt møte og gudstenester via internett og Facebook. Dette er vi svært glade for og det er noko vi oppmuntrar til, og vi veit at mange har stor glede av desse sendingane. Vi veit at både Emblem bedehusforsamling og Viga Indremisjon no på nyåret sender digitale gudstenester kvar søndag. Sambåndet har kvar fredag ei oversikt på sine nettsider over alle digitale tilbod i heile Indremisjonsforbundet.



Lars-Ståle Giskeødegård (t.v.) og Odd Kåre Naalsund er med å lagar digitale sendingar frå Vigra Bedehus.

**ImF Sunnmøre** lagar også slike sendingar. Dette er jo i praksis eit TV-program som du ser via internett. I desember vart det laga seks program i serien «Stjernedryss». Desse kan du framleis sjå ved å gå inn på [www.imfsunnmøre.no](http://www.imfsunnmøre.no). Du finn dei også ved å søke etter «Stjernedryss» på filmkanalen YouTube på internett.

**Saman med** ImF Ung og Radio Sunnmøre vart det også laga ein adventskalender i 24 episodar som vart sendt i desember.

**Frå og med** torsdag 4. februar vil

ImF Sunnmøre kvar torsdag legge ut eit nytt TV-program/møte på våre nettsider/Facebook og på YouTube. Dette vert kveldsmøte med lokale forkynnarar og møteleiarar. I tillegg vil vi bruke opptak av songarar som har vore med både på song- og musikkhelga i Fosnavåg og andre. Slik håpar vi å kunne gje eit godt møtetilbod framover. Årets påskemøter vil også verta tilgjengeleg digitalt.

**Vi er takksame** for at vi har folk i vår midte som har kompetanse både på film, lys og lyd og som kan stille opp og gjere dette mogleg.

**Vi nemner og at** Radio Sunnmøre sender faste kveldsmøte kvar onsdag kl. 2100, søndag kl. 1900 samt at sendingane frå Vigra og Emblem vert sendt søndag føremiddag. I tillegg har radioen vår no under ned stenginga hatt eit kortare kveldsmøte frå ca. kl. 2130 – 2200 tysdag, torsdag og fredag. Slik gjer vi også tilbod om møter/gudstenester gjennom radioen. Du kan høre på Radio Sunnmøre uansett kor du er i verda 24 timer i døgnet 7 dagar i veka på internetradio eller via ein app som heiter Radio Player.

■■■ Tekst & foto: Arild Ove Halås



**Johan Halsne**  
Krinsleiar  
ImF Sunnmøre 

# Isolasjon og ensomhet, noe positivt?

**At vi fortsatt** skal leve med strenge restriksjoner og begrensinger knyttet til privatliv, arbeidsliv og organisasjonsliv, snart et år etter at vi stifta bekjentskap med korona, var der vel de færreste av oss som tenkte. Når det i skrivende stund ser ut til å legge store begrensinger for vårt liv, og virke i store deler av 2021 og, er der mange som drar et oppgitt sukk. Hvor mye og hvor mange denne pandemien vil ramme før vi kan sette et endelig punktum vet nok ingen fullt ut. Og i vårt kristne arbeid kjenner vi på bekymring for følgene av at mye av vårt arbeid og aktivitet er sterkt hemma. Spesielt er vi urolige for de følger dette kan få ute i barne- og ungdomslag, som ikke har hatt kontinuitet i arbeidet på over et år, på noen plasser.

**To av de** konsekvensene pandemien har ført med seg som rammer både unge og eldre er opplevelsen av isolasjon og ensomhet. Kan der komme noe godt ut av en slik situasjon? Der er noe vi alle kan lære fra Bibelen om dette som forteller oss at Gud bruker slike tider og sitasjoner til noe positivt.

**Gjennom å lese** de fire evangeliene i det nye testamentet leser vi flere ganger at Jesus trakk seg vekk fra folket og brukte tid i isolasjon og ensomhet, i bønn til sin far. Lukas kapittel 5 og vers 16 er ett av eksemplene. Jesus

startet og sin gjerning gjennom førti dager og førti netter i isolasjon og ensomhet. I forberedelse til å tjene de mange, var utdannelsen å være alene med sin far.

**Om Paulus** leser vi slik i Galaterbrevet 1,17-18 "Heller ikke dro jeg opp til Jerusalem til dem som var apostler før meg. I stedet dro jeg straks av sted til Arabia, og vendte siden tilbake til Damaskus. Deretter, tre år senere, dro jeg opp til Jerusalem" En avgjørende del i Paulus sin utrustning var ensomhet og isolasjon, i stillhet, sammen med Gud.

**"Og da førti  
år var til ende,  
viste Herrens  
engel seg for  
ham i ørkenen"**

**En enda lengre** tid i ensomhet opplevede Moses, før Guds kall til tjeneste. Vi leser slik i Apostlenes gjerninger kapittel 7 og vers 30: "Og da førti år var til ende, viste Herrens engel seg for ham i ørkenen"

**Førti år** i ørkenens stillhet, ensomhet og isolasjon som utdannelse til å bli en Guds leder.

**Noen ganger** leder Gud oss til ensomhet og stillhet, for å utdanne oss til neste dør som åpner seg for oss.

**La oss ta med** et sitat av Tomas Brook:  
"Jo mer enhver mann elsker Kristus, jo mer gleder han seg over å være sammen med Kristus alene."

## ORGAN FOR IMF SUNNMØRE

### Krinsleiar ImF Sunnmøre

Johan Halsne  
**Heimemisjonen**  
Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmore@imf.no  
Internett: www.imfsunnmore.no  
**ImF-UNG Sunnmøre**  
imfung-sunnmore.no

### Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonssenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggry barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Ålesund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

### Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne – og  
ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne  
– og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

### Begravelsesbyrået

**Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Plussreiser AS**  
post@plussreiser.no  
Telefon: 70 17 90 00  
www.plussreiser.no  
**Radio Sunnmøre**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosunnmore.no

# Alle desse dagane som kom og gjekk.....

**Det nye året starta som året vi nettopp har lagt bak oss. Vi planlegg og håper på betre tider, men må avlyse og utsette. Det har ikkje vore lett å drive barne- og ungdomsarbeid i denne tida med så strenge restriksjoner på å samlast, spesielt ikkje over kommune-grensene.**

**Det har ført til** mange avlyste leirar, og lite aktivitet for vår del. Vi fekk heldigvis gjennomført eit litt nedkorta PitStop i haust, konfirmasjon for ein fjarårs konfirmant og oppstart av eit nytt KonFu-kull. Nokre lag var også i gang det meste av hausten, så nokre lagsbesøk vart det også.

Så var det mykje godt som vart produsert digitalt, og vi delte og tipsa om ein del av dette på vår Facebookside for å vise litt av det gode ein kunne få med seg for barn og familier. Sjølv hadde vi påskeaktivitetar kvar dag i påska og var saman med ImF Sunnmøre og Radio Sunnmøre om ein digital adventskalender som nådde langt ut. Det var veldig kjekt å få vere med på ei slik satsing.

**Vi håper at** denne tida har ført noko godt med seg også for mange. Kanskje har familiene fått merke at dei har litt betre tid til å vere saman. Mulegheitene er der for gode stunder med høgtlesing og samtalar, og å saman sjå på ulike digitale samlingar saman

Så til det vi har planlagt framover.

Når det gjeld LEIR, håper vi på at vi kan samlast i mars med redusert antal barn, og at ein minileir etter påske og to sommarleirar kan gå som normalt. Vi får sjå etter kvart korleis utviklinga blir i forhold til restriksjonar.

Så hadde vi planlagt INSPIRASJONSSAMLINGAR for leiarar på Blindheim og Valderøya i mars, desse har vi no bestemt oss for å gjere DIGITAL. Det blir onsdag 10.mars på zoom. Den som melder seg på får tilsendt ein link til samlinga, og vi håper mange vil sette av 2 timer den kvelden til å få inspirasjon og påfyll. Viser til plakaten under.

Håper mange nyttar seg av å starte opp igjen barne- og ungdomslaga sine no når det er opning for det, og

spør oss gjerne om å kome på besøk.  
«Men Herren er trufast, han skal styrkja dykk og vara dykk frå det vonde.» 2.Tess 3,3

Tekst & foto: Randi Fagerhol Lauvås



**Time to have fun and learn!**

**Velkommen til**  
**DIGITAL**  
**INSPIRASJONSSAMLING**

**onsdag 10.mars kl. 19:30 - 21:30**  
**for leiarar i barne- og ungdomsarbeid**

**Inspirasjon og undervisning ved:**  
**Hilde-Sofie Blindheim Østrem**  
**Mathias Lindgren Mulelid**  
**Arild Ove Halås**  
**Randi Fagerhol Lauvås**

**Meir info om program på:** [imfung-sunnmore.no](http://imfung-sunnmore.no)

**Påmelding:** [rf.lauvas@imf.no](mailto:rf.lauvas@imf.no)

Du vil då få tilsendt ein link til samlinga

**Frivillig gâve på**  
**VIPPS 70417**

**imfung**  
**SUNNMØRE**

## LEIRVÅR 2021

**Med forbehold om endring ved COVID-19-restriksjonar**

<p><b>5.-7.mars</b>  <b>Orreneset:</b>  <b>WinterGames for 6.-9.klasse</b></p>	<p><b>6.-7.mars</b>  <b>Brudsalsheimen Minileir + for 2.-5.klasse</b></p>
<p><b>17.-18.april Brudsalsheimen Minileir 2.-4.klasse</b></p>	
<p><b>18.-21.juni</b>  <b>Brudsalsheimen Jenteleir 4.-7.klasse</b></p>	<p><b>24.-27.juni</b>  <b>Brudsalsheimen Gutteleir 4.-8.klasse</b></p>

**For info og påmelding:** [www.imfung-sunnmore.no](http://www.imfung-sunnmore.no)

# Kjære Plussreiservenner og misjonsfolk



**Mange av dere lurer sikkert på hvordan det går med Plussreiser i denne spesielle tiden som vi alle er berørt av. Vi kan starte med å uttrykke takknemlighet over å bo i et land som opplever at styresmaktene tar ansvar og nødvendige grep både for enkeltpersoner og næringsliv.**

Det er spesielt å tenke tilbake på at 2020 var det året der Plussreiser hadde over 100 millioner i budsjettet omsetning. Med 40 turer til pasjonsspillet i Oberammergau, og et stort reiseprogram til Israel og andre steder. Mye var solgt 12. mars, den dagen da det snudde alt på hodet for oss alle. Alle tilsatte ble permittert fra 01.04.20. De fleste 100%, noen delvis. Vi har refundert ca. 24 millioner kroner til gjestene for turer de hadde kjøpt. Vi fikk selv gode kompensasjonspakker fra regjeringen, lån og tilskudd for å hjelpe oss over denne kneiken. Det ble gjort en god opprydningsjobb som gjorde at tapene ble minimale på kansellerte produkter; flybilletter, hoteller osv.

Det var en gledens dag 04.01.2021 da vi kunne ta tilbake alle tilsatte i selskapet. Det er fremdeles veldig stille på reisefronten, men vi har god tro på at det vil ta seg opp etter sommeren. Med vaksine tror vi at Plussreiser sine gjester er klare for å dra på tur igjen. Vi følger smittevernråd og gjestene skal kjenne seg trygge på våre turer. Mens vi venter på at landet vårt, og verden ellers, skal åpne seg, så jobber selskapet med omstillingssprosjekter som regjeringen har gitt tilskudd til. Vi kurser personalet i økonomi, flybooking, nye reisemål i Norge, Pilegrimsturer og aktive turer. Det er flott å delvis få finansiert kompetanseheving til ansatte.

I tillegg jobber vi med en reisekatalog for 2021. Før sommeren har vi noen fine turer i Norge, og etter sommeren til Israel, Kenya, Madagaskar og en bibelferie i Kroatia. På disse turene vil vi dette spesielle året tilby kundene trygghetsgaranti, det vi si at man kan kansellere fritt fram til en gitt dato på den enkelte tur. Det gjør det enklere å melde seg på turer framover.

Vi håper at mange av dere som leser dette har lyst til å ta en tur med Plussreiser dette året. Dere er velkomne til å ta kontakt på telefon eller nettside. Vi vet at våre produkter med mer enn ferie er gode.

Se noe av vårt utvalg i annonsen i dette bladet, hele turutvalget på [Plussreiser.no](http://Plussreiser.no)

Jeg vil gjerne minne oss alle om verset fra 5.Mosebok 33.25b «Som dine dager er, skal din styrke være».

**Med vennlig hilsen**

**Aud Kindervåg Halsne Daglig leder Plussreiser**

# Nytt frå Radio Sunnmøre

**Årets RadioGiv går av stabelen tysdag 2. og onsdag 3. mars. Det blir to dagar med direktesendt radio, flotte gjestar og fleire flotte gavekort sponsa frå næringslivet. Vi håpar DU vil vere med desse dagene!**

Kvart år har Radio Sunnmøre det som vert kalla RADIOGIV. To dagar i mars sender radioen direkte i alle sine sendetimar på FM/DAB, med fleire programleiarar, flotte gjestar og god underhaldning. Målet er å samle inn eit godt beløp som kan hjelpe på drifta til å drive Radio Sunnmøre.

Radio Sunnmøre dekker heile Sunnmøre med sine sendingar på FM/DAB og internett, og har ein flott gjeng med trufaste lyttarar. Radioen er drifta på gåver frå givarar, anten gjennom fast givarteneste gjennom året eller sporadiske gåver kvar månad. I tillegg er radioen avhengig av tre større innsamlingsaksjonar i løpet av året som er fordelt på eit lotteri, Radiomessa og RadioGiven som no går i mars. Vi håpar at DU vil vere med å bidra tysdag 2. og onsdag 3. mars.

I år har Radio Sunnmøre vore på lufta i 36 år, og det vil vi markere med flotte gjestar som kan gje oss eit tilbakeblikk på desse åra. I tillegg vil vi sjå framover på dei flotte moglegheitene som er!

## MØTER OG GUDSTENESTER

Radio Sunnmøre sender kveldsmøter kvar dag mellom kl. 2100 – 2200 i denne tida no etter at vi fekk ei ny nedstenging på grunn av pandemien etter jul. Onsdagar kl. 2100 – 2200 er det ein times kveldsmøte slik som vi alltid har i sendingane våre. I timen mellom kl. 2100 – 2200 mandag – fredag legg vi også inn ein tale/andakt slik at frå ca. 2125 – 2200 har vi kveldsmøte.

Vi er også så heldige å få lov å sende dei digitale sendingane frå Vigra bedehus i enkelte av desse timane. Kvar søndag kl. 1200 sender vi eit nytt møte herifrå. Søndagane kl. 1100 sender vi også møte, enten i reprise frå onsdag kveld eller andre møte. Mellom anna sender vi møteoptak frå Embelm bedehus og vi vil også sende dei digitale møta som ImF Sunnmøre no lagar framover. Det er også møtetime kvar søndag kl. 1900 med Oddveig Molnes i studio.

## PROGRAM OG SENDEPLAN

Du finn sendeplanen vår på vår heimeside [www.radiosunnmore.no](http://www.radiosunnmore.no). Denne kan du også få tilsendt i posten hvis du ynskjer det.

## SERIAR

Radio Sunnmøre lagar nokså mange seriar. I Bibelpraten har vi no laga over 90 episodar der Johan Halsne, Arild Ove Halås og Ragnhild Kristine Vartdal Espelund snakkar saman om ulike avsnitt og tema frå Bibelen. I tillegg lagar vi seriane «Sjømannspresten» der vi annakvar veke får fylge Kristianne og Anstein Lothe i deira arbeid ved Sjømannskyrkja i Pattaya i Thailand. Kvar tredje veke snakkar vi med Johanne Leinebø i serien «Johanne på Madagaskar» og får siste nytt om arbeidet med å omsetje Bibelen til ulike stammespråk på Madagaskar.

Te'ena Ben Haim i Jerusalem gjev oss siste nytt frå Israel kvar tredje veke, og seniorkonsulent i Åpne Dører Stig Magne Heitmann er med oss annakvar veke med siste nytt om dei forfulgte kristne i verda.

I tillegg får vi produsere program både for Barnevakten, Åpne Dører og Tro & Media. Og så må vi ikkje gløyme eit av høgdepunkta for mange, kvardagspraten med Marit&Irene kvar tirsdag. Kort sagt det er mykje å få med seg i våre sendingar.



Dagleg leiar for Radio Sunnmøre Ragnhild Kristine Vartdal Espelund i studio.

Radio Sunnmøre ynskjer å lage god, kristen radio med ei tydeleg forankring på Sunnmøre, men samstundes skal det vere radio som du kan høre på uansett kor du er i verda.

ned appen RadioPlayer (gratis) og slik høre på Radio Sunnmøre så ofte du vil.

Tekst: Ragnhild Kristine Vartdal Espelund og Arild Ove Halås  
Foto: Radio Sunnmøre

Du finn oss på FM og DAB og 24/7 på internetradio. Du kan også laste



# TURER I KRISTEN REGI



## REISER TIL ISRAEL

I fotsporene av paktens ark	03. - 12. september
Årets tur til Løvhyttefesten	18. - 28. september
Rundreise med fridager i Netanya	29. sept. - 10. okt.
Følg Josva og Israelsfolkets vandring	1. - 10. oktober
Rundreise med vandring i Israel	4. - 13. oktober
Utvik kjennskapet til Bibelens land	8. - 17. oktober
Familietur til Israel	8. - 17. oktober
Israel: folket, landet og profetiene	12. - 22. oktober
Landet der det skjedde	14. - 23. oktober
Rundreise med fridager i Jerusalem	28. okt. - 6. nov.
Oppdag og opplev Bibelens land	28. okt. - 6. nov.



## BIBELFERIE

Bibelferie i Lyngdal	10. - 14. mai
Bibelferie i Kroatia	28. august - 4. september
Bibelferie i Hardanger	17. - 21. oktober



## EKSOTISK

Kenya & Zanzibar	30. juli - 10. august
Madagaskar - natur, sang og musikk	2. - 14. oktober



## OPPLEVELSESTURER

Strikketur til Jæren	22. - 25. april
Finnmark	Sommertur
Trøndelag med Israelsmisjonen (DNI)	29. juli - 4. aug.
Pilegrimsvandring i Toscana	23. sept. - 1. okt.



## BUSSREISER I KRISTEN REGI

Vårtur til Nordfjord	3. - 7. mai
Møt sommeren på Flor & Fjære	11. - 13. juni
Helgelandskysten og Lofoten	30. juni - 10. juli
Bergstaden Røros	30. juni - 6. juli
Østlandet	30. juni - 6. juli
Høsttur til Beitostølen	12. - 16. september



## AKTIVE TURER I NORGE

Aktiv tur Rogaland	15. - 20. juni
Pilegrimsvandring: Valldal - Bjarli	5. - 9. juli
Sykkeltur på Golsfjellet	13. - 18. juli
Alpetur på Sunnmøre	August
Pilegrimsvandring: Hardangervidda	9. - 13. august
Langhelg på Geilo	16. - 19. september



PLUSSREISER – mer enn ferie

70 17 90 00 // plussreiser.no

REISEGARANTIDØRS  
rgf.no